

# Reguleringsføresegner for detaljregulering av

## E39 Engevik - Sandvikvåg

**PLAN-ID: 201301**

**28. august 2014**

### § 1 GENERELT

#### 1.1 Formålet med planen

Formålet med planen er å betre trafiktryggleiken langs eksisterande E39 frå Engevik – Sandvikvåg i Fitjar kommune. Dette mellom anna ved å auka vegbredda, betre siktforholda, slake ut kurvaturen både i horisontal- og vertikalplanet samt å etablere ein samanhengande gang- og sykkelveg.

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er markert innanfor stipla linje/ plangrense, sjå teikning R101-R104 i målestokk 1:1000 (i A1-format), datert 28. august 2014.

#### 1.2 Reguleringsformål

I samsvar med §§ 12-5 og 12-6 i Plan- og bygningslova er området regulert til fylgjande formål:

##### 1.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, 2. ledd nr 2), med desse underformåla:

- a) Køyreveg (2011)
- b) Fortau (2012)
- c) Gang-/ sykkelveg (2015)
- d) Gangveg (2016)
- e) Annan veggrunn – grøntareal (2019)
- f) Leskur/ plattformtak (2026)
- g) Kollektivhaldeplass (2073)

##### 1.2.2 Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift (PBL § 12-5, 2. ledd nr 5), med desse underformåla:

- a) LNFR (5100)
- b) LNFR med spreidde bustader (5210)

##### 1.2.3 Omsynssoner (PBL § 12-6, JF. § 11-8 a)

- a) Sikringssoner
  - Frisiktsoner (140)

##### 1.2.4 Føresegnområde (PBL § 12-7)

- a) Mellombels rigg- og anleggsområde (91)

## § 2 FELLESEGNER

### 2.1 Generelt

Desse føresegnene gjeld innafor ramma av Plan og bygningslova med tilhøyrande føresegner for Fitjar kommune. Fellesføresegnene gjeld for heile planområdet dersom ikkje anna er spesifisert. Kommunen kan, når særlege grunner talar for det, tillate mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen og/ eller desse reguleringsføresegnene.

### 2.2 Terrengbehandling

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg skal gå fram av byggeplanane. Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal utformast mest mogeleg forsiktig med omtanke for terreng og utsjånad. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.

### 2.3 Støy

Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1442/2012 skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen/ veganlegget. Eigedomar som får eit støynivå som går ut over dei tilrådde støygrensene i rundskriv T-1442, skal utgreiast og få tilbod om støyskjerm, lokal skjerm og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen, dersom dette er nødvendig for å tilfredsstilla krava til støynivå på uteplass ( $L_{den}$  55 dB) eller krava til innandørs støynivå ( $L_{pAeq24h}$  30 dB). Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak skal avklarast etter samråd med aktuelle grunneigarar. Ved fasadetiltak skal det sikras tilfredsstillande ventilasjon i tråd med teknisk forskrift til Plan- og bygningslova. Alle støyskjeringstiltak skal vera gjennomført samstundes som veganlegget vert ferdigstilt.

### 2.4 Kulturminner

Dersom det i samband med gravearbeid dukkar opp funn eller konstruksjonar som kan vera uregistrerte fornminne i planområdet, skal arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare granskning på staden, jf. Kulturminneloven § 8, 2.ledd.

I samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/HMS- planar i forkant av anleggsstart skal det gjennomførast vurderingar med tanke på å unngå fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett, forureining og sikringstiltak av gåande/køyrande gjennom anleggsområdet.

### 2.5 Byggegrenser

Det er ikkje vist byggegrense i planen og føresegnene om byggegrenser i veglova skal gjelde.

### 2.6 Tilgjengelegheit

Prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn ved utforminga av trafikkanlegget.

### § 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, 2. LEDD NR. 2)

#### 3.1 Generelt

Områda skal nyttast til og opparbeidas med den inndelinga i formål og vegbredder som er vist på plankartet. I samband med detaljprosjektering kan det gjerast mindre justeringar av veglinjene. Vegskjeringar og -fyllingar, murar og andre element skal sikrast i naudsynt grad med gjerder i anleggsperioden og når områda tas i bruk.

#### 3.2 Køyreveg

Køyrevegane skal opparbeidast med lineføring, utforming og dimensjon som vist i planen. Ny E39 skal ha to køyrefelt med breidde 3,25 meter samt vegskuldrer på 1 meter. Total vegbreidde inkludert skulder skal minimum være 8,5 meter. I tillegg kjem kurveutvidingar.

Avkøyrslar er fastlagde i planen og skal ha frisktsoner i samsvar med vegnormalane.

- o\_KV1 (E39) skal vere offentleg veg
- f\_KV1 – f\_KV7 skal vere felles vegar og skal høyre til dei eigedomane dei løyser ut

#### 3.3 Fortau (o\_FTA)

Fortau skal etablerast i tilknytning til busslomme som vist i planen. Detaljutforming i samsvar med vegnormalane.

#### 3.4 Gang-/ sykkelveg (o\_GS1 – o\_GS3)

Gang- og sykkelvegen skal vera offentlig. Den kan nyttast til køyring i samband med drift av veganlegget og som tilkomst til landbrukseigedomar i samband med landbruksdrift. o\_GS1 kan nyttast som tilkomst til eigedom 81/15.

#### 3.5 Gangveg (o\_GG1 – o\_GG2)

Gangvegane skal vera offentlig. O\_GG1 er ein snarveg og skal opparbeidast delvis med trapp. Detaljutforming av o\_GG2 skal vere i samsvar med vegnormalane.

#### 3.6 Annan veggrunn - grøntareal

Anna veggrunn som vegskjeringar og -fyllingar skal formast som ein del av veganlegget. Dei skal opparbeidast som grøntanlegg eller handsamast på annan tiltalende måte.

#### 3.7 Leskur/ plattformtak (o\_LS)

I tilknytning til kollektivhaldeplassar er det sett av areal kor det skal førast opp lehus.

#### 3.8 Kollektivhaldeplass (o\_KHP)

Busslommer skal plasserast og få utforming som vist i planen. Detaljutforming i samsvar med vegnormalane. Kollektivhaldeplass skal vera offentlig.

### § 4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, 2. LEDD NR 5)

LNFR og LNFB-områda (spredde bustader) skal nyttast til landbruks- natur og friluftsmål i samsvar med kommuneplanen.

## § 5 OMSYNSSONER

### 5.1 Frisiktsone ved veg

Det skal ikkje vere sikthindringer, som gjerder, murar og vegetasjon høgare enn 0,5 m over vegnivå innanfor frisiktsoner. Enkelttrær, skilt, lysstolpar etc. kan tillatast plassert innanfor frisiktsona i samsvar til retningslinjer gitt i Statens vegvesen handbok N100. Gjerder og rekkverk med ikkje-sikthindrande utførsel kan likevel tillatast med høgde inntil 0,8 meter over vegnivå.

## § 6 FØRESEGNOMRÅDER

### 6.1 Mellombels anlegg- og riggområde

Mellombels anlegg- og riggområde #1 til og med Mellombels anlegg- og riggområde #14 er i plankartet satt av for naudsynt areal i samband med anleggsgjennomføring. Når veganlegget er etablert skal mellombels føremål opphøyra, og området skal tilbakeførast til LNFR/LNFB-område som vist på plankartet. Mellombels anlegg- og riggområde #3, #11 og #12 skal nyttast til riggområde i byggeperioden samt permanent massedeponi. Mellombels anlegg- og riggområde #11 og #12 i Øvre Levåg skal ryddast og setjast i stand til landbruksføremål seinast innan 1 år etter at anlegget er ferdigstilt.

Det vert stadfesta at føresegnene er i samsvar med vedtak til kommunestyret.

---

Etatsleiar